

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
16/104 - 2 / AH / 202

Dato:  
03.03.2016

## Status og avklaringar for arkiv etter Overformynderiet

Eg viser til tidlegare korrespondanse i saka om avlevering av arkiv etter Overformynderiet til depot hjå IKAH (26.03.2015).

Arkiva etter Overformynderiet er særskild viktig rettingheitsdokumentasjon for ei av dei svakaste gruppene i samfunnet. Dette har vore ei kommunal oppgåve og det er difor viktig at kommunane prioriterer å få klargjort desse arkiva for avlevering til depot. IKAH tilrår at dei kommunane som ønskjer å avlevere desse arkiva til oss, prioritere dette arbeidet og får det avlevert i 2016, dette gjeld både papir og elektroniske arkiv.

Hugs at fleire kommunar truleg har elektronisk system nytta i Overformynderiet, vi har fått meldingar både om at systemet «Flexi OFM» og «Formula» vart nytta av Overformynderiet. Det er viktig at de som arkivleiarar får ein oversikt over om Overformynderiet i kommunen har nytta eit elektronisk arkivsystem.

### **IKAH treng derfor tilbakemelding innan 18.mars om:**

1. Ønskjer kommunen å avlevere Overformynderiet til IKAH?
2. Kor mange hyllemeter har kommunen?
3. Ønskjer de at IKAH arrangerer kurs i korleis klargjere Overformynderiet for avlevering?
4. Har kommunen elektroniske arkiv frå Overformynderiet? (om de er usikre er det viktig å finne ut av det)
5. Om kommunen har kaos arkiv, ser kommunen for seg at de sjølve vil ordne arkivet, eller vil de at IKAH skal gjere denne jobben mot ein meterpris?

Underteikna tek i mot spørsmål de måtte ha om Overformynderiet. Ta gjerne kontakt både på e-post og telefon (55306094).

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie  
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.